

# Vedtekter for kyrkjegardane i Bykle kommune

fastsett med heimel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21.

Vedtatt av Bykle sokneråd 19.08.99

Godkjent av Agder bispedømmeråd 01.11.99

## **§ 1. Administrasjon**

Kyrkjegardane hører inn under Bykle sokneråd sin administrasjon.

## **§ 2. Drift**

Kyrkjeverja har ansvaret for den daglege drifta av kyrkjegardane. Kyrkjeverja tilviser graver, fører register og gravplan, godkjenner gravminne og krev inn festeavgift.

## **§ 3. Kyrkjegardstilhøyring**

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på den kyrkjegarden i kommunen som den avdøde / dei etterlatne måtte ønske. Dei som bur utanfor kommunen kan få fri gravplass mot betaling av kostnadene ved gravferda.

## **§ 4. Fredingstid og festetid**

Fredingstid for både urnegrav og kistegrav er 20 år.

Festetida er 10 år.

## **§ 5. Feste av grav**

Når grav blir teken i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå soknerådet fleire graver. Festeavgifta blir betalt for 10 år om gongen. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå soknerådet. I god tid før festetida er ute, skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden attende til kyrkjegarden. Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan hentast inn, kan soknerådet avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

## **§ 6. Grav og gravminne**

Etter tre veker blir kransar etter gravferda fjerna, om vinteren blir kransane fjerna før 17. mai. Då blir også overskotsjorda fjerna. Nye graver blir sådde til om våren. Dette har soknerådet ansvaret for. Etter gravferda set kyrkjetenaren opp ein kross med den avdøde sitt namn på. Krossen blir fjerna når gravminnet kjem opp. Gravminnet skal stå i bakkant av grava. Utforminga og storleiken på gravminnet er regulert i forskriftene til gravferdslova.

## **§ 7. Plantefelt**

Framføre gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det kan ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå bakkanten av gravminnet. Det må ikkje plantast blomar og buskar som blir høgare enn gravminnet, eller som går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter og liknande i plantefeltet. Det er ikkje lov å ramme inn grava, eller deler av ho, med hekk, stein, jern eller anna. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

## **§ 8. Stell av grav**

Den som er ansvarleg for ei grav, har rett og plikt til å stelle grava. Plantefelt som ikkje blir tilplanta og stelt, skal såast til av den ansvarlege for grava.

## **§ 9. Ansvarstilhøve**

Soknerådet er ansvarleg for skadar som skjer på grunn av akløyse frå sine tilsette. Av omsyn til mogelege ulukker og farar under arbeidet, er det høve til å flytte eller leggje ned gravminne under arbeid på kyrkjegarden. Ved hærverk/-gravskjending har soknerådet ikkje noko rettsleg eller økonomisk ansvar for skadar som blir påført utstyr på grav.

## **§ 10. Orden**

Etter arbeid på gravene må alt avfall takast vekk og sorterast etter dei ordningane som finst. Reiskap må setjast tilbake på plass.

## **§ 11. Dispensasjon**

Det er muleg å søkje soknerådet om dispensasjon frå paragrafar i vedtekten.



Bykle sokneråd, våren 2003